

# Administrativt samhandlingsutval

## Sunnmøre

Protokoll 1/2015

Møtedato: onsdag 13.05.2015 kl. 10.00-14.00

Til stades:

	<b>Representantar Helseforetaket</b>		<b>Vara</b>
	Torstein Hole	X	Mona Ryste
X	Anniken Standal Remseth		Toril Heltne
	Knut Nautvik		Bjørn Magne Jåtun
X	Janita Skogeng, Leiar av utvalet		Kari Standal
X	Manuela Strauss		
	Robert Giske		

	<b>Representantar kommunane</b>		<b>Vara</b>
	SRR	Ottar Grimstad, Hareid	X Karsten Vingen, vara
X	SRR	Solveig Årø, Haram	Marit Botnen, Ulstein
X	SRR	Kjetil Fylling, kommunalsjef, Sula	Anna Lisa Drabløs, Sykkylven
	SRR	Ragnhild Velsvik Berge, Herøy	X Marit Botnen, Ulstein

	<b>Representantar vertskommunane</b>		<b>Vara</b>
	Ålesund	Håvard Overå	Birte Vegsund, Ålesund
X	Volda	Arne Gotteberg, Sunnmøre, Regionråd	Jorunn Anne R. Tomasdard, Volda

	<b>Representant fastlegane:</b>		<b>Vara</b>
	Stian Endresen, Ulstein legekontor/fastlegane		Arne Morterud, Giske legekontor

	<b>Representantar Fagforeiningane:</b>		<b>Vara</b>
	Fagforbundet	Ivar Østrem	X Torunn Michaelsen Hoel
X	Fagforbundet	Inger Lise Andreassen, Ålesund kommune	Oddbjørg Y Rangsætr, Volda kommune
	UNIO/NSF	Ståle Ræstad, Ålesund kommune	Åse Vegsund, Sula Kommune
	UNIO/NSF	Charles Austnes, Ålesund sjukehus	X Marianne Nydal, Ålesund, sjukehus, vara

	<b>Brukarrepresentant:</b>		<b>Vara</b>
X	Ingrid Løset, Sunnmøre		Jakob Strand, Sunnmøre

X	Helse Møre og Romsdal HF	Britt Valderhaug Tyrholm	Samhandlingssjef
X	Helse Møre og Romsdal HF	Randi S Ramnefjell	Sekretær

**Fråvær:** Håvard Overå, Birte Vegsund, Robert Giske, Knut Nautvik, Stian Endresen, Solveig Årø, Arne Morterud, Ståle Ræstad, Åse Vegsund.

**Endringar i sakslista:**

**Sak 2015/01**      **Godkjenning av innkalling og saksliste.**  
                                Godkjent

**Sak 2015/02**      **Orienteringssak**

Administrativt samhandlingsutval Sunnmøre tek orienteringssakane til vitande.

**Vedtak:**

Administrativt samhandlingsutval Sunnmøre tek orienteringssakane til vitande.

**Sak 2015/03**      **Reforhandling og revisjon av samhandlingsavtala mellom helseføretaket og kommunane i Møre og Romsdal**

**Saksutgreiing:**

Administrativt samhandlingsutval Sunnmøre tek saka til orientering.

**Vedtak:**

Administrativt samhandlingsutval Sunnmøre tek saka til orientering.

**Sak 2015/04**      **Samhandlingsstrategi 2015 – 2017. Styringskrav**

**Saksutgreiing:**

Betre samhandling i helsesektoren er ei prioritert satsing både nasjonalt, regionalt og lokalt. Visjonen for strategiarbeidet er « Samhandling for å utvikle pasientens helsevesen i Møre og Romsdal» .

Hensikta med strategiarbeidet er å gi arbeidet innanfor samhandling «samsoner» ei felles og tydeleg retning både for helseføretaket og kommunane i Møre og Romsdal.

Oppfylling av samhandlingsreforma sine intensionar er ein prosessuell omstilling, både når det gjeld utforming, innhald, og ikkje minst tenking rundt kva behandlings- og oppfølgingsoppgåver som kan bli ivaretatt i

kommunehelsetenesten og kva oppgåver som må bli ivaretatt av spesialisthelsetenesten. Kommunane har fått ei ny rolle og eit større ansvar når det gjeld innbyggjarane si helse. I tillegg til forventningar om auka satsing på førebyggande helsearbeid i kommunane, så er det store forventningar om og krav til at kommunehelsetenesten skal ta eit enda større ansvar for behandling og oppfølging av pasientar.

Desse forventninga er særleg knytt til pasientar med kroniske lidelsar og behov for behandling og omsorg knytt til somatikk, rehabilitering, rus og psykisk helse. Kommunane kan ikkje ta dette ansvaret aleine. Eit godt samspel fordrar at spesialisthelsetenesten er tilgjengeleg for kommunen, og kanskje på nye måtar.

Moment som kan få konsekvensar på lengre sikt for samhandlingsstrategien:

- Det pågående omstillings- og moderniseringsarbeidet i helseføretaket, styresak 6. mai
- Stortingsmeldinga om primærhelsetenesten som kjem i mai forventar ein vil gi meir konkrete føringar over korleis kommunehelsetenesten skal utvikles og utbyggas for å ivareta fleire oppgåver
- Ny helse- og sjukehusplan
- Kommune reforma

Dette er store endringar med ukjente faktorer. Strategien vil bli rullert både for å ta opp i seg aktuelle endringar og for å kunne være ein pådriver for gjennomføring av dei omstillings-/og forbeteringstiltak som gjeld samarbeidet på tvers av tenestenivåa.

#### Protokoll:

Administrativt samhandlingsutval Sunnmøre sluttar seg til arbeidet med samhandlingsstratgi. Utvalet har drøfta følgjande tiltak:

- Det bør startast eit arbeid for å få utvikla ein felles plan for palliativ omsorg for pasientar i livets siste fase.
- Behov for opplæring og implementering av samhandlingsavtalen, for å auke samhandlingskompetansen.
- Arbeide vidare med å utvikle systemet for avvikshåndtering. OSU må legge til rette for at dei lokale samhandlingsutvala er involverte i dette arbeidet.
- Koordinerande einingar i kommunar og helseføretaket bør prioriterast og vidareutviklast, til dømes gjennom rolleavklaring og erfaringsutveksling.

#### Vedtak:

Administrativt samhandlingsutval Sunnmøre sluttar seg til arbeidet med samhandlingsstratgi. Utvalet har drøfta følgjande tiltak:

- Det bør startast eit arbeid for å få utvikla ein felles plan for palliativ omsorg for pasientar i livets siste fase.
- Behov for opplæring og implementering av samhandlingsavtalen, for å auke samhandlingskompetansen.
- Arbeide vidare med å utvikle systemet for avvikshåndtering. OSU må legge til rette for at dei lokale samhandlingsutvala er involverte i dette arbeidet.

- Koordinerande einingar i kommunar og helseføretaket bør prioriterast og vidareutviklast, til dømes gjennom rolleavklaring og erfaringsutveksling.

**Sak 2015/05**

**Eventuelt**

- Møteplan 2015
  - Det blir satt opp eit møte i Administrativt samhandlingsutval Sunnmøre 27. oktober